

Å lesa er det viktigaste vi lærar eit barn

06.10.2010



Det kom rundt 50 til lese-møtet

Å lesa er det viktigaste vi lærar eit barn, det er ein trening til å leva.

Dette er truleg det viktigaste som vart sagt under møtet om leseutvikling og lese motivering som vart halde i Aktivitetshuset i kveld.

Møtet var for foreldre knytta til oppvekstsentrane i Uskedalen og Bringedalsbygda og Dønhaug Gardsbarnehage.


Det møtte bortimot 50, men opplegget vart noko amputert fordi ho som skulle halda foredrag hastig måtte takka for seg. Det var Janne Karin Støylen frå nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda.

Heldigvis hadde ho formidla kunnskap om temaet til nøkkelpersonar om dagen og dei formidla det vidare til møtelyden.

Dei 4 som var med i møteopplegget og las frå gode og engasjerande leseverk for barn var Odd Steinar Arnesen, Elisabeth Amundsen, Ranveig Fjeld Helleland og Nina Bernhardsen.

Kurset var eit ledd i prosjektet 'Trensel på biblioteket' som Rannveig og Elisabeth har planlagt og organiserer saman med rektor Vidar Haugland. Det når eit nytt høgdepunkt 18. og 19. oktober.

Av Ola Matti Mathisen



Foredragshaldaren kom ikkje, men arrangøren hadde eit reserveopplegg.